



Statens vegvesen, Vegdirektoratet
PB 8142 Dep
0033 OSLO

Dato: 11.12.2015
Vår ref.: 2014/1626-1
Saksbehandlar: lisadla
Dykkar ref.:

Søknad om utsett frist - iverksetjing av FOR-2014/1566/SD

Hordaland fylkeskommune viser til *Forskrift om minimum sikkerhetskrav til visse tunneler på fylkesvegnettet og kommunalt vegnett i Oslo* (tunnelsikkerhetsforskrift for fylkesveg m.m.) FOR-2014/1566/SD.

På fylkesvegnettet i Hordaland finn ein nær 10 pst av alle tunnelane i Noreg. Føresegna omhandlar 34 lange tunnelar på vårt fylkesvegnett. Fleire er over 10 km lange. Som eit minimum vil utbetringane ha ei kostnadsråme på omlag 715 000 000 kr, - då rekna etter anslagsmetoden på overordna nivå. Ut frå dette er det ikkje mogleg for fylkeskommunen å få til ei utbetring med dei råmene og fristane som ligg til grunn i dag.

Hordaland fylkeskommune søker med dette om utsett frist for iverksetting av for utbetring av dei aktuelle tunnelane. Etter forskrifta skal tiltaka vere sett i verk innan 01.01.2020, og det vert med dette søkt om utsett frist på fem år.

Merk at konkret plan for gjennomføring av tiltak vil verte ettersendt etter politisk handsaming av saka i fylkeskommunen. Det vil bli lagt opp til at dette vert tema i handlingsprogrammet til Regional Transportplan (RTP)/ved rullering av drift- og vedlikehaldsstrategien.

Vi stiller gjerne på eit møte om saka når det høver for dykk.

Håkon Rasmussen
Fylkesdirektør samferdsel

John Martin Jacobsen
leiar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:
Statens vegvesen Region vest
Vedlegg

1 Plan for utbetring av lange fylkesvegtunnelar 2015 Hordaland